

KM 9/08 Kyrkjene i Midtausten og vårt ansvar

|

Komiteen sine merknader

Komiteen legg saksorienteringa til grunn, og vil understreke følgjande:

Kristendomen oppstod i Midtausten hjå det jødiske folket. Sidan apostlane si tid har dei kristne der formidla evangeliet vidare til andre. Kyrkjene i Midtausten har såleis ei spesiell rolle i og for den verdsvide kyrkja.

Uansett kvar kyrkja er, har ho ansvar for å vitne om Guds kjærleik i Jesus Kristus til alle menneske og til alle folkeslag. Det er vesentleg å halde fast på det grunnleggjande menneskeverdet for alle i Midtausten, særleg når politiske eller militære konflikhtar dominerer biletet og ein lett vert verande i stereotypiar i møte med arabarar og israellarar, jødar og muslimar og andre folkegrupper og nasjonalitetar.

Kyrkjemøtet har drøfta den situasjonen kyrkjene i Midtausten står i, særleg kyrkjene i Israel og Dei palestinske områda. Mange av Den norske kyrkja sine medlemmer viser stor omsut for at det jødiske folket skal finne trygge rammer for sitt liv. I møte med palestinske kristne vert det tydeleg at vi også må, i enda sterkare grad enn tidlegare, ta inn over oss lagnaden til det palestinske folket.

I denne samanhengen er det dei kristne i Midtausten sin situasjon og deira vitnemål til oss som er utgangspunkt for kva vi som kyrkje i nord skal gjere saman med dei. Dei har vore der heilt frå den fyste kristne tida, og dei ynskjer å framleis vere kyrkje der dei bur. Vi må sjå dei fordi dei treng forbøn, støtte og solidaritet i ei vanskeleg tid slik at dei kan få halde fram med å vere livskraftige kyrkjer i sitt eige miljø.

Kirkemøtet sitt vedtak

1. Når eitt lem på Kristi lekam lir, lir heile lekamen med. Kyrkjemøtet erkjenner at Den norske kyrkja som del av Jesu Kristi kyrkje på jord, er knytt saman med kyrkjene i Midtausten. Difor har vi ansvar for kvarandre. Kyrkjemøtet er sterkt uroa for dei kritiske levekåra til dei kristne i Midtausten. Mange kyrkjer opplever no at medlemmene kjenner seg tvungne til å emigrere, og at dei unge ikkje ser noko framtid der dei er. Årsakene til emigrasjonen er fleire, men er særleg knytt til ei forverring av dei økonomiske og sosiale kåra. Samtidig er den politiske og militære situasjonen i regionen ustabil og usikker. Nokre stader opplever ein at religionsfridomen vert krenkt og at dei kristne er under press frå islamistisk fundamentalisme. Dette gjeld særleg i Irak, Iran og Egypt. I Dei palestinske områda lir befolkninga under følgjene av den israelske okkupasjonen. Som kyrkje kan vi ikkje vere likegyldige overfor dei lidingane våre trussysken vert utsette for.

2. Den norske kyrkja må, saman med andre vestlege kyrkjer, ta sin del av ansvaret for den vanskelege situasjonen dei kristne i Midtausten no opplever. Kyrkjemøtet vil peike på at vi som kyrkje særleg må ta tak i følgjande:
 - Krigane i Irak og Afghanistan og ”kampen mot terror” vert av mange i Midtausten opplevd som eit åtak frå Vesten på den muslimske verda og byggjer såleis opp om ei førestilling om ein sivilisasjonskonflikt. Dette råkar dei kristne i Midtausten, som i aukande grad vert assosiert med ”det kristne Vesten”, og den politikken som vestlege makter fører i regionen. Situasjonen er no særleg kritisk for dei kristne i Irak. Som kyrkje har vi eit særskilt ansvar for å vise solidaritet med alle som lir under dette, og for å byggje ned unødvendige motsetnader mellom muslimar og kristne.
 - Kyrkja ber med seg ei historie om korleis kristne har fordømt og plaga jødane. Kristne har eit stort ansvar for å ha gitt grobotn for – og endå til fremja – antisemittismen. Framleis er dette aktuelle problemstillingar. I år er det sekstiårsmarkering av opprettinga av staten Israel. Samstundes er det 60 år sidan katastrofen som dreiv mange palestinarar bort frå heimane sine og gjorde dei til flyktningar. Kyrkja må difor sjå sitt ansvar i lys av heile denne problematikken, og ha omsut både for jødar og palestinarar.
 - Vi har ansvar for korleis vi nyttar teologien til å tolke situasjonen i Det heilage landet og kva som er etter Guds vilje. Lovnadane i Det gamle testamente som positivt talar om det jødiske folket og landet, kan ikkje grunnngi at palestinarar vart drivne frå hus og heim.
3. Vårt ansvar må vi særleg vise i det vi gjer lokalt. Kyrkjemøtet oppmodar difor kyrkjelydane til å:
 - Setje seg inn i situasjon for dei kristne i Midtausten og formidle kunnskap om kyrkjelivet der.
 - Be regelmessig for kyrkjene og dei kristne i Midtausten.
 - Delta i den årlege solidaritetsveka for Israel og Palestina i regi av Kirkenes Verdensråd.
 - Gi årlege offer til vår lutherske systerkyrkje i Jordan og Det heilage landet (ELCJHL) og støtte økonomisk kyrkjelydar og kristne organisasjonar som arbeider for å styrkje kyrkjene i Midtausten.
 - Utvikle og styrkje kontakten med lokale kyrkjelydane i Midtausten gjennom å vitje dei, skipe venskapskyrkjelydar og nytte bispedømma sine kontaktar i Midtausten. Det er særleg viktig å inkludere ungdom i denne kontakten.
 - Samarbeide med reiseselskap som arrangerer feriereiser til dei heilage stadane og solidaritetsreiser til regionen, for å leggje til rette for at dei som reiser kjem i kontakt med både palestinske kristne og messianske jødar.
 - Få kontakt med kristne med bakgrunn frå Midtausten som no bur i Noreg og inkludere dei i våre fellesskap, og bruke deira kontaktar og ressursar i gudstenester og andre tilskipingar.
 - Arbeide med dei etiske og teologiske problemstillingar som vert reiste i møte med den aktuelle konflikten i Det heilage landet.
4. Kyrkjemøtet ber dei sentralkyrkjelege råda – i samarbeid med Kirkens Nødhjelp, Israelmisjonen, Norsk Misjon i Øst, Sabeels Venner i Noreg, Bibelselskapet, KFUK/KFUM Global og andre aktørar i Noreg – om å vise solidaritet med dei kristne i regionen, særleg ved å:

- Bruke ulike høve til å gi norsk opinion meir kjennskap til og forståing for dei kristne sin situasjon, særleg i Det heilage landet.
 - Syte for informasjonsmateriell til kyrkjelydane om dei kristne i Midtausten.
 - Leggje til rette for at kristen ungdom i Noreg og Midtausten får delt erfaringar og kunnskap, mellom anna ved besøks- og utvekslingsavtaler.
 - Leggje til rette for deltaking i Kirkenes Verdensråd sitt ledsagarprogram EAPPI (Ecumenical Accompaniment Programme in Palestine and Israel).
 - Arrangere kyrkjelege delegasjonsreiser til landa i Midtausten og leggje til rette for kyrkjelege besøk til Noreg.
 - Arbeide for å få betre kontakt med dei messianske jødane, også ved å vitje dei på delegasjonsreiser, som del av det større kristne fellesskapet i området.
 - Støtte dei kristne kyrkjene i deira liv og teneste med evangeliet i sine samanhengar.
 - Styrkje dei kristne kyrkjene si rolle i fredsarbeidet og deira innsats for religionsdialog og interreligiøst samarbeid, mellom anna gjennom det nye interreligiøse rådet av religiøse leiarar i Det heilage landet.
 - Halde fram å gi åndeleg, moralsk og økonomisk støtte til vår systerkyrkje i Jordan og Det heilage landet (ELCJHL).
 - Halde fram samarbeidet i Det lutherske verdsforbundet og Kirkenes Verdensråd for å støtte dei kristne i Midtausten.
 - Arbeide med dei etiske og teologiske problemstillingar som vert reiste i møte med den aktuelle konflikten i Det heilage landet, i samarbeid med teologiske institusjonar.
5. Kyrkjemøtet ber norske styresmakter ta eit særleg ansvar for situasjonen og framtida til dei kristne i Midtausten. Dei treng vern og støtte i sin kamp for sine rettar og sin eksistens. Dei representerer med sine leiarar eit viktig bidrag i arbeidet med å byggje bruer og utvikle demokrati. Kyrkjemøtet ber difor norske styresmakter:
- Bidra til å sikre det framtidige nærværet for kyrkjene i Midtausten.
 - Støtte kyrkjene sitt arbeid for fred og forsoning.
 - Støtte kyrkjene sin innsats i samfunnsbygginga gjennom skular, sjukehus og diakonalt arbeid.
 - Fremje retten til religionsfridom i Midtausten i dei landa der den er særleg truga.
 - Arbeide for fortsatt brei politisk støtte til å få slutt på okkupasjonen og vald mot sivile og å sikre ein rettferdig fred for både israelarar og palestinarar.
 - Gi opphold til kristne frå Midtausten som må røme på grunn av si tru.
 - Oppfordre norske byar og kommunar til å etablere vennsksrelasjonar til byar og landsbyar i Midtausten.
6. I trua på Jesus Kristus er ingen ting håplaust. Difor vil med truskap og håp stå saman med våre trussysken i Midtausten i deira utfordringar og i vanskane dei slit med.

Enstemmig vedtatt. 81 stemmeberettigede.